



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2015

Fylkesrådet for eldre  
i Sogn og Fjordane



## INNHALD

---

Årsmelding - fylkesrådet for eldre	3
Handlingsprogram 2013-2015	3
Aktivitetsåret 2015	3
Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar	5
Vedlegg	6
Uttale frå fylkesråda for eldre i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal	6
Uttale frå fylkesrådet for eldre om personsamanfall medlemmer i fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma	6
Uttale til Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2015 vedrørende ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar	6
Uttale om fritt behandlingsvalg	7
Uttalar om universell utforming, uttale til hovudutval for plan og næring, og samferdsle	7

## ÅRSMELDING - FYLKESRÅDET FOR ELDERE

---

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane skal vere eit rådgjevande organ for fylkeskommunen, og skal kunne uttale seg om alle forslag som angår levekåra for eldre i fylkeskommunen. Rådet kan òg på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar i fylkeskommunen vert følgt opp.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnde o.a. Valperioden 2011–2015, vart følgjande valde som medlem av fylkesrådet for eldre:

Eivind Skjerven	- leiar	varamedlem er:	Grete Eltvik
Rønnaug Holmøy	- nestleiar	varamedlem er:	Anna Sofia Skaar
Harald Ekroll	- medlem	varamedlem er:	Arne Rognaldsen
Kristoffer Skjolden	- medlem	varamedlem er:	Astrid Martinsen
Anita Nybø	- medlem	varamedlem er:	Claus Kvamme

Rønnaug Holmøy søkte om fritak frå vervet i juli 2014. Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 18 august 2014, og gjorde slikt vedtak:

1. Rønnaug Holmøy får fritak frå vervet i fylkesrådet for eldre for resten av valperioden.
2. Anna Sofia Skaar rykkjer opp som fast medlem for resten av valperioden.

I sak 6/14 i fylkesrådet for eldre vart det gjord følgjande vedtak:  
Fylkesrådet for eldre vel Harald Ekroll som ny nestleiar i fylkesrådet ut inneverande valperiode.

Samansetninga i fylkesrådet for eldre resten av perioden:

Eivind Skjerven	- leiar	varamedlem er:	Grete Eltvik
Anna Sofia Skaar	- medlem		
Harald Ekroll	- nestleiar	varamedlem er:	Arne Rognaldsen
Kristoffer Skjolden	- medlem	varamedlem er:	Astrid Martinsen
Anita Nybø	- medlem	varamedlem er:	Claus Kvamme

## HANDLINGSPROGRAM 2013-2015

---

Fylkesrådet for eldre har utarbeida eit handlingsprogram for arbeidet inneverande valperiode, og har valt å konsentrere planen om ansvarsområdet til Sogn og Fjordane fylkeskommune og dei eldrepolitiske utfordringane knytt til desse.

## AKTIVITETSÅRET 2015

---

Fylkesrådet for eldre gjennomførte 4 rådsmøter og handsama 6 saker i 2015. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 22 skriv og meldingar. Fylkesrådet for eldre har i staden for ein stor fylkeskonferanse valt å ta opp ulike tema i avgrensa område i fylket. Sjå elles informasjon om møte den 16. september og 28. oktober.

18. mars: var det fellesmøte med fylkesrådet for eldre i Møre og Romsdal fram til lunsj. Fellesmøtet starta med informasjon frå Nordfjord sjukehus, der Tone Holvik og Rune Nordpoll orienterte om Nordfjord sjukehus, Nordfjord psykiatrisenter og Eldremedisinsk senter. Fellesmøtet fortsette med erfaringsutveksling mellom fylkesråda, og felles uttale om velferdsteknologi. Sjå uttale om velferdsteknologi i vedlegg.



Leiarane i fylkesråda: Målfrid Mogstad og Eivind Skjerven Fylkesrådet for eldre i Møre og Romsdal.  
Foto: InFoSa-Stryn

I etterkant av fellesmøtet hadde fylkesrådet for eldre møte, der ei av sakene som vart diskutert var «Person-samanfall medlemmer i fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma - til uttale i fylkesråda.» Fylkesrådet uttalte seg om at dei fortsatt ønska seg to separate råd. For uttalen frå fylkesrådet for eldre; sjå vedlegg.

**19. juni:** var det planlegging av fellesmøte den 16. september, med eldreråda i Sogndal og Luster. I tillegg var det informasjon om deltaking på Vestlandskonferansen og Landskonferansen. Sjå uttale i vedlegg frå dei tre fylkesråda som deltok på Vestlandskonferansen, om koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar.

**16. september:** Fylkesrådet for eldre hadde kalla inn til eit felles informasjonsmøte om Lindås-prosjektet. Tilstades på informasjonsmøtet var medlemmar i eldreråda i Sogndal og Luster, i tillegg var det representantar frå PLO i Luster til stades. Ordførar Ivar Kvalen opna møtet, med informasjon om samarbeidet mellom formannskapet i Luster kommune og eldrerådet i Luster.

**Lindås-prosjektet:** Prosjektkoordinator Hildegunn Baravelli orienterte om det 3-årige prosjektet, som om-handlar korleis omsorgsteknologi påverkar brukarar, pårørande, tilsette og organisering av heimetenesta. Teknologien vert brukt for å auke sikkerheita og kjensla av tryggleik i eigen heim. I praksis består teknologien av ulike sensorar, som er kopla mot ein bemannt sentral. Fallsensor og eit teppe som registrerer fukt i senga, er eksempel på teknologi som vert brukt og testa ut.

Bruk av omsorgsteknologi i heimetenesta er nybrottsarbeid. Inspirasjon til prosjektet er henta frå Storbritannia. Prosjektet starta i 2012 og forskingsrapport kjem ut i midten av 2016.

**Kva har prosjektet betydd for dei involverte?**

Forskningsrapport kjem ut i midten av 2016, men indikasjonar tyder på:

Brukarane	→	Tryggare; kan bu lenger heime;
Pårørande	→	Tryggare for sine; samarbeid med h.tenesta
Personalet	→	Jobber på ny måte; samarbeid med andre etatar, pårørande
Kommunen	→	Fleire ledige langtids plassar; økonomi

Lindåsprosjektet er ikkje slutført enno, men prosjektet kan allereie no sjå kva prosjektet har betydd for dei involverte.

I etterkant av informasjonen om omsorgsteknologi, var det erfaringsutveksling mellom elderråda, om saker som kvart enkelt råd har jobba med i fire-års perioden.

Fylkesrådet for eldre hadde møte på slutten av dagen, der dei laga uttalar om: «Uttalar om universell utforming, uttale til hovudutval for plan og næring, og samferdsle» (sjå vedlegg).

**28. oktober:** var det fellesmøte i Svelgen der elderråda i Bremanger, Vågsøy og Flora var inviterte. Kommunalsjef for helse; Randi Ytrehus orienterte om helse- og omsorg i Bremanger kommune, og kulturkonsulent Bodil Strømmen Edvardsen orienterte om kultur for eldre i Bremanger kommune. Deltakarane på fellesmøte fekk omvisning på den nye sjukeheimen som er under utbygging i Bremanger.



Omvisning på den nye sjukeheimen i Bremanger som skal opnast i mars 2016.

## DELTAING I ANDRE RÅD, UTVAL, KURS OG KONFERANSAR

- Vestlandssamlinga 28. - 29. april 2015, der fylkesrådet for eldre i Hordaland stod som arrangør av samlinga som vart halden på Ullensvang hotell i Hardanger. I samband med at 2015 er friluftslivets år, var det fottur Edvard Grieg «sine fotspor». Eivind Skjerven, Kristoffer Skjolden, Anita Nybø, Anna Sofia Skaar og Harald Ekroll deltok. Tema som var teke opp på Vestlandskonferansen var fylgjande:
  - «Morgondagens aktivitetssenter» - presentert av Pensjonistforbundet, kommunereform, samferdsle og omsorgsteknologi (presentert av Lindåsprosjektet)



Presentasjon om omsorgsteknologi av Lindås-prosjektet v/ Hildegunn Baravelli og Kari Eidheim Bjørkheim. Foto: InFoSa-Stryn



Fylkesråda for eldre i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland samla i Ullensvang 28.-29. april 2015. Foto: InFoSa-Stryn

- Landskonferansen i Aust-Agder 27.- 29. mai 2015, der demens var hovudtema på landskonferansen. Eit anna spørsmål som vart diskutert var vegen vidare for landskonferansane, der det ikkje vart konkludert med ei endeleg løysing. Sjå elles uttale i vedlegg. Eivind Skjerven, Kristoffer Skjolden, Anna Sofia Skaar og Harald Ekroll deltok.
- Eldrerådskonferansen for alle kommunale eldreråd i Hordaland. 22. - 23. september 2015 i Bergen. Eivind Skjerven deltok. Hovudtema på konferansen var utfordringar i demensomsorga. Om dette fagområdet uttalte overlege Paal Naalsund, at om forholda vert lagt til rette, kan fleire med demens bu heime.



Landskonferansen 2015. Wenche Frong Selleg og Eivind Skjerven. Foto: InFoSa-Stryn

## VEDLEGG

### Uttale frå fylkesråda for eldre i Sogn og Fjordane, og Møre og Romsdal (18. mars 2015):

«Fylkesråda i Sogn og Fjordane, og Møre og Romsdal meiner at auka bruk av velferdsteknologi i pleie- og omsorgstenesta kan verte eit av bidraga i møtet med samfunnet sitt omsorgsbehov. Ved framskrivninga av befolkningsdemografien ser ein at det vil verte stor auke i talet eldre i fleire av kommunane, og velferdsteknologi kan vere eit av tiltaka for å lette omsorgsoppgåvene vi må ta hand om.

For å kunne løyse framtida sine utfordringar kring omsorg må eldre sine rettar til helsetenester frå kommunane ikkje svekkast, sjølv om kommunane må finne nye løysingar både i organiseringa av tenestene og i bruken av ny teknologi. Velferdsteknologi er ikkje eit mål i seg sjølv, men kan vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å gje gode pleie- og omsorgstenester. Det er viktig at mennesket er i sentrum, så velferdsteknologi må ikkje sjåast på som eit sparetiltak frå kommunane, men som eit supplement».

### Uttale frå fylkesrådet for eldre (18. mars 2015) om personsamanfall medlemmer i fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma:

1. Fylkesrådet for eldre er einige i namneendringa, slik at fylkesrådet for funksjonshemma endrar namn til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
2. Fylkesrådet for eldre har primært ynskje om å fortsetje med dagens ordning, med bakgrunn i dei spesifikke oppgåvene som høyrer til dei to fylkesråda. Slik fylkesrådet ser det i dag, fungerer dagens ordning godt.
3. Om ein vel å ikkje halde på dagen si ordning, ynskjer fylkesrådet for eldre å gå for framlegget til fylkesrådmannen, om personsamanfall.

### Uttale til Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2015 vedrørande ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar:

«Det er, av ulike årsaker, ingen fylkeskommune som ser seg i stand til å stå som arrangør/vertskap for ein landskonferanse for fylkeseldreråd i 2016. Det er heller ikkje noko offentleg organ som i dag tek eit overordna ansvar for koordinering og planlegging av landskonferansane. Statens seniorråd har tidlegare hatt ei aktiv rolle i høve til dette, men ser ikkje på dette som sitt formelle ansvar i dag.

Fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har drøfta situasjonen på sin Vestlandskonferanse 28. - 29. april 2015, og er samde om å be Landskonferansen 2015 drøfte og avklare fylgjande:

1. Om det fortsatt er slik at ingen fylke kan arrangere landskonferanse i 2016:
2. Korleis sikre eit overordna ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar
3. Om Landskonferanse for fylkeseldreråd bør haldast 2. kvart år, med neste konferanse i 2017
4. Om fylkeseldrerådsleiarane i dei tre siste arrangørfylka skal utgjere ei styringsgruppe for Landskonferanse»

## **Uttale om fritt behandlingsvalg (sendt i etterkant av møte 19. juni):**

*Fylkesrådet er i utgangspunktet positiv til eit tilbod om fritt behandlingsval.*

*Forutsetninga må vere at det gjev like moglegheiter for alle økonomisk sett og same kor ein er busett. Det vil sannsynlegvis vere krevjande for legane å ha full oversikt over alle moglegheiter som vil vere tilgjengelege og på den måten kunne gje gode råd til pasientar.*

*Skal brukarane sjølve skaffe seg oversikt over tilboda og velje det som ein meiner er best for seg, vil det krevje at det vert informert til alle og på ein lett forståeleg måte om det som er tilgjengeleg. Vi trur enkel og forståeleg informasjon til alle (legar/helsepersonell og pasientar) blir den største utfordringa.*

*At ein får eit tilbod som kan ta ned ventetidene er viktig. Når ventetidene er nede på eit akseptabelt nivå, må ein trekkje inn ein del eller alle løyva som er gitt slik at dette ikkje er med å svekke gode tilbod på sjukehusa m.v.*

*Psykisk helsevern og rus samt tilbod til barn og ungdom bør vere med frå starten av.*

*Det må stillast krav om at pasientjournalar til ei kvar tid er oppdatert i høve til den behandling pasienten gjennomgår.*

*Det må også vere eit krav om at i dei tilfelle det frå pasientar og andre kjem signal om uregelmessige tilhøve, må avtalen bero til nærare kunnskap er henta inn og eventuelt må ein då vurdere om dette er så graverande at avtalen bør terminerast.*

## **Uttalar om universell utforming, uttale til hovudutval for plan og næring, og samferdsle (16. september 2015):**

- «Fylkesrådet for eldre er positive til tildelinga som skal styrke satsinga på universell utforming, og håpar at kommunane og andre samarbeidspartar vil følgje opp intensjonen med tildelinga».
- «Fylkesrådet for eldre viser til vedtak frå hovudutval for plan og næring, om å kutte i dei fylkeskommunale midlane til kommunane i samband med folkehelsekoordinatorane. Fylkesrådet meiner dette er særskild uheldig, sidan dette er eit viktig arbeid i kommunane. Fylkesrådet vil sterkt oppmode om at ein reduserer desse midlane gradvis. Då vil kommunane få moglegheit til å omstille arbeidet, slik at folkehelsearbeidet vert bevart og styrka».
- «Fylkesrådet for eldre har fylgjande innspel til «Kostnadsreduksjonar samferdsle 2016–2019)»: Serviceskyssjen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned».



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Foto framside: Anita Nybø, Harald Ekroll, Anna Sofia Skaar, Kristoffer Skjolden og  
Eivind Skjerven frå Vestlandssamlinga mai 2015 Ullensvang